

Godt og aktivt år i skulemusikken.

22.02.2016



Tre av dei som styrer det veldrivne skulekorpset: Bente Hovden, Ann Kristin Musland og Åse Myklebust.

Både årsmelding og rekneskap fortalte at 2015 hadde vore eit godt og innhaldsrikt år for Uskedal skulemusikk då dei hadde årsmøte 9. februar. Både musikalsk, sosialt og økonomisk har det vore arbeidd svært godt, og både dirigenter, musikantar og foreldregruppa framstår som ei godt samansveisa eining som drar i same retning.



Korpssamlinga i Rosendal var eitt av høgdepunkta i året.

Korpset hadde 20 medlemmer i 2015, og styret har vore samansett av Hilde Bringedal- leiar/kasserar, Anja Struter- skrivar, Bente Hovden- styremedlem, Ann Kristin Musland- styremedlem og Åse Myklebust- styremedlem.

Randi M. Nybakk har vore rekneskapsansvarleg, Janne Hjørnevåg og Hege Lekva har vore basarnemnd medan Thor Inge Døssland og Frode Sæbø hadde revisert rekneskapet.

Årsmeldinga fortalte om stor aktivitet. Dirgentane Tor og Julie Skeie Olsen har styrt den musikalske aktiviteten, og det har vore øving kvar tysdag mellom kl.17 og 19 i skulen. Siste tysdagen i månaden er det også lagt inn kos for medlemmene. Korpset har også hatt seminar før 17.mai, og i november under basarhelga. Dessutan deltok dei på fellesseminar som vart arrangert av Rosendal skulekorps ved sesongstart i haust.

Det har vore to korpsturar; - ein til Gol og ein til Stord/Fitjar med innlagt konsert og bowling. Elles har korpset m.a.opptredd på 17.mai, på julekonsert, på basar i november og på aktivitetsdagen i båthamna i juni. 3 av medlemmene opptrødde også med vakker musikk under gudtenesta på julafesten, og einskildmedlemmer har også spela i andre samanhengar som t.d. basar i Vonheim.



Korpset stilte i nye fine uniformer på basaren.

Rekneskapet viser også dette året overskot, og korpset har trygg og bra økonomi. Største inntektene kjem frå adventskalendarane og basaren. To svært gode tiltak! Det har vore investert i nye uniformer; - skjorter/gensarar og hettegensarar. Dette er gjort med støtte frå Sparebank1Stiftinga Kvinnherad. I 2016 ønskjer dei å fornya instrumentparken og kjøpe T-skjorter med trykk.

Valget gav i hovudsak gjenvallg, men Hilde Bringedal går ut av styret, men ho held fram i funksjonen som kontaktperson med rekneskapsføraren.

Det vert sagt at det er ei samansveisa foreldregruppe som arbeider godt saman. Det veldrivne korpset er eit godt bevis på det!

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Hilde Bringedal/Thor Inge Døssland